




Smarte målarar (AMS)

Status og planar for installasjon per juni 2017

65
2017



R
A
P
P
O
R
T

Rapport nr 65-2017

Smarte målarar (AMS)

Utgitt av: Norges vassdrags- og energidirektorat

Redaktør: Guro Grøtterud

Forfattarar: Arne Venjum

Trykk: NVEs hustrykkeri

Opplag: 20

Forsidefoto:

ISBN

ISSN 1501-2832

Samandrag:

**Emneord,
nynorsk:** AMS, smarte målarar, avanserte måle- og styringssystem

**Emneord,
bokmål:** AMS, smarte målere, avanserte måle- og styringssystem

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internett: www.nve.no

Juni 2017

Innhold

1. Gjennomført og planlagt installasjon 2014 – 2018	4
2. Installasjonsplan AMS per juni 2017	5
3. Vil nettselskapet kunne oppfylle installasjonsfristen 1.1.2019	6
4. Årsaker til at AMS-målarar ikkje er blitt installert.....	7

Forord

Overgang til avanserte måle- og styringssystem (AMS) med såkalla smarte målarar er eit omfattande, tidkrevjande og kostbart prosjekt. Prosjektet vil medføre store teknologiske og organisatoriske endringar for nettselskapa og krevje ei god planlegging.

For NVE er det viktig å følgje utviklinga i installasjonsprosessen. Dette vert særleg gjort ved at nettselskapa periodisk rapporterer om status og planar for installasjonen av AMS-målarar.

NVE vil i tida fram til 2019 halde eit auga med framdrifta i installasjonen av nye målarar. I AMS-rapporten per januar 2017 vurderte NVE «*at det så langt ikkje er grunnlag for å sette i verk særlege tiltak som måtte skuldast liten fart i installasjonsprosessen*». Sjølv om 31% av målarane no er installerte, viser også dei nye tala at forskyvinga i planlagt installasjon som vi har sett heilt frå 2015-rapporten ikkje har stoppa opp, men har snarare blitt forsterka frå januar til juni 2017. NVE vil på dette grunnlag undersøke nærare om kva som er årsakene til at framdrifta stadig vert skyvd ut i tid.

Neste AMS-rapportering er planlagt gjennomført rundt oktober 2017.

Oslo, juni 2017



Ove Flataker
Avdelingsdirektør



Guro Grøtterud
seksjonsleiar

Innleiing

Denne rapporten viser status og planar for innføring av AMS per juni 2017.

Rapporten er basert på innsendingar frå 94 nettselskap. Desse selskapa har samla om lag 2,85 mill. målepunkt. Selskap som ikkje rapporterte i tide og difor ikkje er med i talgrunnlaget representerer ein relativt liten del av målepunkta i landet og ville difor ikkje påverka resultatata i rapporten i nemneverdig grad.


Som for førre rapport er denne avgrensa til å omfatte fire tema. Desse er:

- Årlig gjennomført og planlagt installasjon
- Kvartalsvis installasjonsplan 2017-2018
- Risikovurdering knytt til å nå installasjonsfristen
- Kartlegging av ikkje-gjennomførte eller «mislukka» installasjonar av målar

Hovudtal per juni 2017

- Per juni 2017 er det installert vel 875 000 AMS-målarar. Dette svarar til om lag 31 % av heile målarparken i landet.
- Nettselskapa ventar no at 57 % av målepunkta vil ha installert AMS-målar før 2018. Dette er 6 % lågare enn oppfyllingsgrad enn det selskapa trudde i januar 2017.


1. Gjennomført og planlagt installasjon 2014 – 2018



Kommentar:

- Tala for 2014 er akkumulerte.


2. Installasjonsplan AMS per juni 2017



Kommentar:

- I «Prognose per juni 2017» er oppgjevne tal for 1. og 2. kvartal 2017 stort sett faktisk installerte målarar.
- Både samanlikna med prognosane per juni 2016 og januar 2017 er venta tidspunkt for gjennomført installasjon av AMS-målarar systematisk og markant forskyvd. Eit avvik på 1 % svarar til om lag 29 000 målarar.

3. Vil nettselskapet kunne oppfylle installasjonsfristen 1.1.2019



Kommentar:

- Samanlikna med rapporteringa i januar 2017 er talet på nettselskap som vurderer at dei har god kontroll på framdrifta blitt noko mindre. Samstundes er det fleire nettselskap som ventar auka kostnadar for å nå installasjonsfristen.

4. Årsaker til at AMS-målarar ikkje er blitt installert



Kommentar:

- Nettselskapa har i ulik grad gjennomført systematiske registreringar om ikkje-gjennomførte eller «mislukka» installasjonar. Dette gjer at tala er usikre, og særleg gjeld dette dei oppgjevne tala per januar 2017.
- Med «mislukka» installasjonar meinast tilfelle der det av ulike årsaker ikkje har vore muleg å installere ein AMS-målar.
- Samla sett seier desse tala at ikkje-gjennomførte eller «mislukka» installasjonar utgjer akkumulert om lag 1,3% av summen av installerte målarar per juni 2017. Relativt sett er dette på same nivå som status per januar 2017.



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 09575
Internett: www.nve.no

